



Arne Olav Alver
Akland 39
4950 RISØR

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5864 - 16/10180

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
15.04.2016

Stadfesting av gyldig vedtak - 4 naust for gbnr 137/4,14,19,21,115 og 113 Alver

Lindås kommune stadfestar at plan- og miljøutvalet sitt vedtak står ved lag, då det ikkje er registrert klage på vedtaket.

Vi beklagar det dersom vi har gjeve uttrykk for at de måtte venta på tilbakemelding frå kommunen før de kan setta i gang. Prosedyren i byggesaker er at partane skal orienterast når det kjem inn klage. Stadfesting av det ikkje er klaga, må de eventuelt be spesielt om.

PM-vedtak 04.02.2015, sak 018/15:

- Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå §3.2.2. i føresegn til plan for oppføring av naust med takvinkel på 38 grader på gbnr 137/4-14, 137/19-21, 137/113 og 137/115.
- Med heimel i plan- og bygningslova §12-4 vert det gjeve løyve til oppføring av naust på gbnr 137/4-14, 137/19-21, 137/113 og 137/115.

Detaljregulering:

- Det blir gjeve dispensasjon frå reguleringsplan frå §1-2 vedkomande plankrav.
- Tiltaket slik det er omsøkt er godt tilpassa omgjevnadene. Omsøkte takvinkler vil gje eit godt heilheitsinntrykk, da takvinklene er tilpassa tidligare bygde naust.
- Det er ikkje naudsynt med detaljplan for området da jordskifteretten har lagt føringar for nausteplassering, tilkomst, snuplass, fellesareal og etablering av Alvervika kai. Samt at området er av begrensa størrelse og det er å ansjå som naturleg fortetning i allereia etablertnausteområde.

Etter samla vurdering kjem uvalget til at fordelane er vesentleg større enn ulempene.

Dette inneber at dispensasjon og løyve er godkjent i samsvar med søknadane, og at vedtaket er gyldig i 3 år frå oversending av vedtaksbrevet som vart sendt dykk på e-post 11.02.2015.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Kvar enkelt av dykk må senda inn skriftleg melding til kommunen når byggearbeidet vert sett i gang, med referanse til sitt eige saksnr:

Arne Olav Alver sak 14/5867
Kenneth Alvær sak 14/5864
Lars Øyvind Hillestad sak 14/5865
Magne Legernes sak 14/5866

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Olav Alver, Kenneth Alvær, Lars Øyvind Hillestad, Magne Legernes	Röed	4950	RISØR
Kenneth Alvær	Kyrkjevegen 20 A	5911	ALVERSUND
Lars Øyvind Hillestad	Alvervegen 37 b	5911	ALVERSUND
Magne Legernes	Prestebrekka 18	5911	ALVERSUND